

DETTE KAN HELFO HJELPE DEG MED



BYTE FASTLEGE Du kan bytte fastlege opptil to ganger i året via www.helfo.no eller på Fastlegetelefonen: **810 59 500**.

EUROPEISK HELSETRYGDKORT Helsetrygdkortet tek du med deg saman med reiseforsikring når du reiser i EØS-området. Kortet er gyldig i tre år og gir deg rett til nødvendig behandling ved offentlege behandlingstilbud. Du bestiller kortet og får meir informasjon på www.helfo.no, eller ved å ringje HELFOs servicetelefon: **815 70 030**.

FRIKORT FOR HELSETENESTER kjem automatisk i posten når du har nådd beløpet som gir deg rett til frikort. Dette gjeld tak 1. For tak 2 må du sende søknad til HELFO i din region. Meir informasjon på www.helfo.no/frikort. Du kan òg ringje Frikorttelefonen: **815 70 050**.

DERSOM SJUKEHUSET BRYT BEHANDLINGSFRISTEN, kan du kontakte HELFO pasientformidling, som vil finne eit anna behandlingstilbud til deg i Noreg eller utlandet. Du betaler berre vanleg eigendel for behandlinga. Ring HELFO pasientformidling: **815 33 533**.

FINN FRAM I HELSE-NOREG Ta kontakt med Helsetenesta sitt rettleiingssenter dersom du ikkje veit kvar du skal vende deg i det norske helsevesenet. Telefon: **815 70 070**.

DEKKING AV HELSEUTGIFTER I NOREG

Den offentlege helsetenesta dekkjer det meste av behandlinga di ved offentlig sjukehus, hos fastlege eller hos annan behandlar utanfor sjukehus. Du kan òg ha rett til å få dekt delar av utgiftene dine til behandling hos helsepersonell, til legemiddel, næringsmiddel eller medisinsk forbruksmateriell. Meir informasjon på www.helfo.no. Du kan òg ringje HELFOs servicetelefon: **815 70 030**.

DEKKING AV HELSEUTGIFTER I UTLANDET

Du kan ha rett til å få dekt utgifter til enkelte helsetenester i utlandet. Kva du kan få dekt, er avhengig av kvar du oppheld deg, og av medlemskapen din i folketrygda. Meir informasjon på www.helfo.no. Du kan òg ringje HELFOs servicetelefon: **815 70 030**.

HELFO SERVICESENTER

Har du spørsmål om dekking av helseutgifter eller spørsmål om ein søknad du har sendt HELFO, kan du ringje HELFOs servicetelefon: **815 70 030**

KONTAKTINFORMASJON FOR PRIVATPERSONAR

• Busett i Noreg

Telefon: **815 70 030**

E-post: servicesenteret@helfo.no

• Busett i utlandet

Telefon: **+ 47 21 07 46 00**

E-post: utland@helfo.no



INFORMASJON PÅ INTERNETT

www.helfo.no

www.helsenorge.no – den offentlege helseportalen

HELFO – HELSEDIREKTORATETS YTRE ETAT

Helseøkonomiforvaltninga (HELFO) forvaltar viktige stønadsordningar for befolkninga. HELFO er organisert med eit hovudkontor, seks regionkontor, HELFO pasientformidling, HELFO servicesenter og HELFO utland.